



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Møteinnkalling

Utvalg: **AU i verneområdestyret for SVR**

Møtested: , Teams

Dato: 16.01.2023

Tidspunkt: 08:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til en av verneområdeforvalterne. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
AU 1/23	Godkjenning av innkalling og saksliste		
AU 2/23	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar		
AU 3/23	Referatsaker		
AU 4/23	Orienteringssaker		
AU 5/23	Søknad om å arrangere snøscootertur for eldre og uføre til Lordehytta. Åseral snøscooterklubb. Åseral kommune.		2022/10583
AU 6/23	Eventuelt		

AU 1/23 Godkjenning av innkalling og sakliste
AU 2/23 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar
AU 3/23 Referatsaker
AU 4/23 Orienteringssaker



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Setesdalsmuseet Rysstad,
Setesdalsvegen 3273, 4748
Rysstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47
finavjth@statsforvalteren.no
www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2022/10583-2

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 11.01.2023

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	5/23	16.01.2023

Søknad om å arrangere snøscootertur for eldre og uføre til Lordehytta. Åseral snøscooterklubb. Åseral kommune.

Vedlegg:

- 1 Tur til Lordehytta - alternative trasear.PDF
- 2 ~ 22_00098-159 Søknad om Lordetur 263116_1_1.PDF

Forvalters innstilling

Med heimel naturmangfaldslova § 48 gir arbeidsutvalet i verneområdestyret avslag på Åseral snøscooterklubb sin søknad dagsett 2.12.2022 om å arrangere fellestur til Lordehytta for eldre og uføre.

Som grunngeving legg arbeidsutvalet vekt på at arrangementet bryt med forvaltningsplanen si føring om å avgrense motorferdsla i verneområdet til det som er strengt naudsynt.

Arbeidsutvalet ser dei positive sidene ved eit slikt arrangement men meiner det bør leggest utanfor verneområdet. Villreinen har dei siste tre åra i aukande grad nytta vestheia i Åseral gjennom vinteren og sjansen for at det oppheld seg villrein i nærområda til Lordehytta vurderast difor som større enn tidlegare. Eit arrangement med eit stort tal snøscootere og folk gir ei omfattande uroing ei tid på året der dyra går på sparebluss. Arbeidsutvalet syner her til føre-var-prinsippet i naturmangfaldslova § 9.

Eit løyve vil gje presedensverkand med fare for monaleg auke i motorferdsla verneområdet.

Saksopplysninger

Åseral snøscooterklubb v/leiar Tom Handeland har søkt om å arrangere snøscootertur til Lordehytta for eldre og uføre. Det er medlem i snøscooterklubben som skal stå for transporten. Startpunkt og felles avreise for turen vil vera Kyrkjebygda eller Røysland avhengig av vær og føre. Turen er planlagt ein av dagane 26.3 eller 2.4 med innkøring av utstyr dagen før.

Søkar syner til at det er tradisjon for desse turane og at det er ein tur som betyr mykje for mange. Søkar har pr. telefon oppgjeven at det tidlegare år har vore 50 – 60 snøscootere som har delteke i transporten.

Søknad og kart over alternative trasear ligg som vedlegg 1 og 2 i saka.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Naturmangfoldloven
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane frå 2015.

Heimelsgrunnlag

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Motorisert ferdsel i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vert regulert av verneforskrifta kapittel 4. pkt.5.1 bokstav a kor det heiter at motorisert ferdsel på land er forbode. Det er inga særskild dispensasjonsheimel for denne type transport. Søknaden må difor handsamast etter naturmangfaldslova § 48. Etter denne paragrafen kan forvaltningsstyresmakta gi dispensasjon frå vernevedtaket om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Etter kap. 2.4.2 i forvaltningsplanen skal motorferdsla i verneområdet avgrensast til det som er strengt naudsynt. Persontransport er omtala i forvaltningsplanen kap. 2.4.3. Av dette går det fram at rein persontransport med snøscooter ikkje er tillate.

Det vart søkt om tilsvarende arrangement i 2019 men då var det Åseral Frivilligsentral som stod som søkar. Arbeidsutvalet i verneområdestyret gjorde følgjande vedtak den gong i sak 6/19:

Vedtak

Åseral Frivilligsentral får dispensasjon for bruk av snøscooter for fellestur til Lordehytta ein av datoane 10/3, 17/3 eller 24/3. Traseen som skal nyttast er Røysland - Lordehytta, alternativ trasé frå Kyrkjebygd viss føret tilseier det. Dispensasjonen vert gitt etter pgr. 48 i Naturmangfoldlova.

- Det skal ikkje vere observert rein i området
- Alle snøscooterane skal køyre samla

Arbeidsutvalet legg vekt på at aktuell trasé ligg i sørleg del og i utkanten av verneområdet. Villreinen har ikkje brukt området aktivt i lengre tid. Traseen er heller ikkje i konflikt med merka skiløyper. Faren for presedensverknad vurderast som liten. Søkjar er ein frivillig organisasjon som organiserer ein fellestur og der Lordehytta er eit heilt spesielt turmål. Ut frå grunngevinga meiner AU at hovudvilkår for å gje dispensasjon etter pgr. 48 i Naturmangfoldlova er stetta.

AU viser og til at styret i SVR gjorde eit samrøystes vedtak i ei tilsvarande sak i 2017, samt at AU gjorde det same i 2018.

Vurdering

Vurdering etter naturmangfoldloven (NML)

Etter § 7 i Naturmangfoldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 i naturmangfoldloven leggst til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Kunnskapsgrunnlaget (NML § 8)

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase (www.naturbase.no), database for sensitive artsdata, NINA sitt GPS-merkeprosjekt og databasen artsobservasjoner (www.artsobservasjoner.no).

Villreinen har i aukande grad nytta vestheia i Åseral dei siste åra. I hovudsak har dette vore mindre bukkeflokkar på vinterstid, men det har også vore simler nedover. Dei tre siste vintrane har det vore observert villrein, eller sporteikn, sør til dalføret med Øvre og Nedre Vivatn og i nokre tilhøve også sør for dette.

Når det gjeld andre artar er det ikkje registrert informasjon om prioriterte artar, truga eller nær truga artar jfr. «Norsk rødliste» som vert råka av transporten. Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, truga eller nær truga naturtypar i aktuelle området.

Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget å vera tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. «Føre var prinsippet» i NML § 9 vert likevel tillagt vekt i dei vidare vurderingane.

Økosystemtilnærming og samla belastning (NML § 10)

I heiområda vest for Nåvatn ligg ein del driftshytter knytt til dei enkelte gardsbruka. Aktuelle køyrerute til Lordehytta er ein mykje nytta ferdselsrute inn til fleire av desse, med anslagsvis 40 snøscootertransportar i året. Årleg vert det og gjeven fleire helikopterlandingar ved sjølve Lordehytta som følgje av stor bygningsmasse og monaleg trong for vedlikehald. Det er og noko motorisert ferdsel i samband med kraftselskapa sin aktivitet. SNO har rapportert om mykje ulovleg køyring med snøscooter i denne delen av verneområdet.

På seinvinteren er Lordehytta eit mykje nytta turmål for skigåarar både frå Knaben, Ljosland og Røysland. I barmarksperioden er det ein del ferdsel knytt til sauehald og jakt.



Grunna den omfattande ferdsla i området, og særleg motorferdsla, vurderast den samla belastninga på naturmangfoldet å vera stort.

Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§ 11 i NML) og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12 i NML)

Utover at det er tradisjon for å legge desse turane til Lordehytta er det i søknaden ikkje oppgjeven særskilde grunnar for at turen må leggest akkurat dit. Arrangør bør difor vurdere alternativ utanfor verneområdet.

Vurdering i høve til naturmangfaldslova § 48


Etter denne paragrafen kan forvaltningsstyresmakta gi dispensasjon frå vernevedtaket om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Transporten er avgrensa til to dagar og der støy og uroing er forbigåande. Arrangementet isolert sett vil difor neppe påverke verneverdiane nemneverdig. I høve til tidlegare år vurderast likevel moglegheita for at det oppheld seg villrein i desse områda å vera større no. I høve til «føre var prinsippet» i naturmangfaldslova § 9 bør ein difor legge arrangementet til ein annan plass utanfor verneområdet.

Så langt har det ikkje komen søknad om tilsvarande arrangement andre stader i verneområda. Forvaltar meiner det likevel bør leggest vekt på presedensverknad og at eit løyve på sikt kan opne for monaleg meir persontransport i verneområda.

Konklusjon

Søknaden vert avslått



Tegnforklaring

A large, empty rectangular box with a thin black border, occupying most of the page. It is intended for a drawing or explanation related to the title 'Tegnforklaring'.

Søknad om snøscootertur for medlemmer, eldre og uføre til Lordehytta.

Åseral snøscooterklubb søker med dette om tillatelse til å gjennomføre vår tradisjonelle tur til Lordehytta for eldre og uføre, utført av våre medlemmer. Det vil være samme type arrangement som vi alltid har hatt, felles avreise fra fortrinnsvis Rådhuset i Kyrkjebygd, eventuelt Røysland om vær og føre krever det. Vi vil som alltid tilby skyss til eldre, uføre og andre trengende. Det er felles avreise opp, en andakt, grilling og felles avreise ned. Vi søker om datoene 25-26/3 og 1-2/4. Vi skal kun gjennomføre tur på en av disse helgene, men søker om to på grunn av vær og føret. Vi søker om to dager, da vi trenger å kjøre inn utstyr dagen før. Sikkerhet vil være ivaretatt, da vi sjekker føret, is, skredvarsling osv i forkant. Alle berørte grunneiere er positive og har godkjent at vi ferdes langs den omsøkte trasè som ligger vedlagt.

Dette er en tur som betyr mye for mange og vi håper som vanlig på et positivt svar.

Tom Handeland

Leder Åseral Snøscooterklubb.

AU 6/23 Eventuelt